



Møteprotokoll

Utval: **SOGN REGIONRÅD**

Møtestad: Kviknes Hotel, Balestrand

Møtedato: 25.10.2013

Tid: 0930-1400

A. Desse møtte

Faste medlemmar
Norlval Distad, ordførar Aurland kommune (leiar)
Harald Offerdal, ordførar Balestrand kommune
Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
Forfall: Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune
Medlemmar
Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune
Oddbjørn Ese, rådmann Vik kommune
Karina Nerland, dagleg leiar
Andre
Petter Sortland, ordførar og Arve Varden, rådmann Høyanger kommune
Claus Røynedal, programleiar «System for styrka læring»

- C. Ordførar Harald Offerdal ønskta velkommen til Balestrand
- D. Høyanger kommune vurderer deltaking i Sogn regionråd. Leiar presenterte rådet sine satsingar og prioriteringar og Høyanger gjorde greie for deira interesse for mogleg medlemsskap.
- E. Innkalling godkjent utan merknader
- F. Sakliste godkjent
- G. Protokoll frå møte 13. september 2013 godkjent utan merknader

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.
	Tittel
22/13	13/3372 Analyse av bustadmarknaden
23/13	13/3095 Tilsetjing av utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn
24/13	13/3399 Regionalt nettverk for ungdomsarbeidrarar
25/13	13/2643 Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd
26/13	13/2755 Meirverdiavgiftkompensasjon
27/13	08/2693 Justering av avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune
28/13	13/3465 Møteplan for 2014
29/13	13/266 Orienteringssaker 25. oktober 2013

Sak 22/13
Analyse av bustadmarknaden

Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 230 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til ein analyse av bustadmarknaden.

Handsaming

Det kom innspel om at fylkeskommunen kan ha relevante grunnlagsdata som bør brukast i arbeidet.

Vedtak:

Sogn regionråd set av kr 230 000 av regionale utviklingsmidlar i 2014 til ein analyse av bustadmarknaden.

Sak 23/13
Tilsetjing av utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn

Tilråding:

1. Sogn regionråd vedtek å gå til utlysing av ein regional stilling som utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn. Utlysings- og tilsettingsprosessen skal koordinerast med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, KS og dei tre andre skuleregionane i fylket.
2. Ein av dei åtte kommunane i regionrådet vil stå som arbeidsgjevar for stillinga, avhengig av kvar sokjar bur/ønskjer å bu og i dialog med aktuell kommune.
3. Sogn regionråd vedtek å dekkje 25% stilling, slik at utviklingsrettleiaren blir ei 100% stilling. Finansieringa av stillinga i perioden januar 2014 til desember 2017 vil skje innanfor rammene av eksisterande budsjett i Sogn regionråd. Budsjettposten ”Fagnettverk” dekkjer stillinga.

Handsaming:

Rådmennene har meldt inn at dei ikkje er merknader til tilrådinga.

Vedtak:

1. Sogn regionråd vedtek å gå til utlysing av ein regional stilling som utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn. Utlysings- og tilsettingsprosessen skal koordinerast med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, KS og dei tre andre skuleregionane i fylket.
2. Ein av dei åtte kommunane i regionrådet vil stå som arbeidsgjevar for stillinga, avhengig av kvar sokjar bur/ønskjer å bu og i dialog med aktuell kommune.

3. Sogn regionråd vedtek å dekkje 25% stilling, slik at utviklingsrettleiaren blir ei 100% stilling. Finansieringa av stillinga i perioden januar 2014 til desember 2017 vil skje innanfor rammene av eksisterande budsjett i Sogn regionråd. Budsjettposten "Fagnettverk" dekkjer stillinga.

Sak 24/13
Regionalt nettverk for ungdomsarbeidrarar

Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar i 2013 til det regionale ungdomsnettverket sine aktivitetar i perioden 2013-2016 slik det ligg føre i endra budsjett.

Vedtak:

Sogn regionråd set av kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar i 2013 til det regionale ungdomsnettverket sine aktivitetar i perioden 2013-2016 slik det ligg føre i endra budsjett.

Sak 25/13
Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2013-2014 slik den ligg føre.

Handsaming

Sogn regionråd ønskjer å vidareføra ordninga med at ein representant frå fylkeskommunen deltek som observatør i møta.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2013-2014 slik den ligg føre.

Sak 26/13
Meirverdiavgiftkompensasjon

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek at følgjande setning går ut i avtalen med Sogndal kommune:
«Meirverdiavgiftkompensasjon som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal
kommune».

Sogn regionråd ber Sogndal kommune tilbakeføra innbetalt meirverdiavgiftkompensasjon for
perioden 2007-2012 med kr 845 647,-.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek at følgjande setning går ut i avtalen med Sogndal kommune:
«Meirverdiavgiftkompensasjon som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal
kommune».

Sogn regionråd ber Sogndal kommune tilbakeføra innbetalt meirverdiavgiftkompensasjon for
perioden 2007-2012 med kr 845 647,-.

Sak 27/13
Justering av avtale mellom Sogn regionråd og Sogndal kommune

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek ny formulering i 5. ledd i avtalen med Sogndal kommune om drift av
sekretariatet for Sogn regionråd:

Sogndal kommune har det formelle arbeidsgjevaransvaret. Det ligg til Sogn regionråd å
gjennomføra årleg medarbeidersamtale og føreta lønsfastsetjing for dagleg leiar.

Handsaming:
Karina Nerland gjekk frå møtet.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek ny formulering i 5. ledd i avtalen med Sogndal kommune om drift av
sekretariatet for Sogn regionråd:

Sogndal kommune har det formelle arbeidsgjevaransvaret. Det ligg til Sogn regionråd å
gjennomføra årleg medarbeidersamtale og føreta lønsfastsetjing for dagleg leiar.

Sak 28/13
Møteplan for 2014

Tilråding:

Møteplan for 2014:

28. februar
7. mai
20. juni
12. september
31. oktober
5. desember

Vedtak:

Møteplan for 2014:

28. februar
7. mai
20. juni
12. september
31. oktober
5. desember

Sak 29/13
Orienteringssaker 25. oktober 2013

Orienteringar og drøftingar

1. Samferdslegruppa
 - Politikardagen 25.11: Leiar i samferdslegruppa presenterer rådet sine innspel til regional transportplan
 - Sognefjellstunnel: Samferdselsdepartementet avgjer om kort tid kva vegprosjekt som får konseptvalutgreiing
2. Leiar ber om at referat frå møta i rådmannsgruppa går til regionrådet.
3. Adminstrasjonen
 - Aurlandskonferansen: Sogn regionråd var medarrangør for første gong. Gode tilbakemeldingar. Deltakarane kan gje innspel på innhald og gjennomføring. Næringsnettverket vil bli trekt meir med i førebuingane til neste års konferanse.
 - Næringsnettverket vil saman med dagleg leiar arbeida med desse tiltaka, jf tiltaksplanen 2013-2014: Gründerfestival/samling i tilknytning til Aurlandskonferansen, forum for nye og etablerte bedriftsskaparar og få til ei felles orientering om aktuelle private og offentlege finansieringskjelder for bedriftsetableringar.
 - Sekretariata i dei fire regionråda i fylket møtest i november for erfarsutveksling.

4. Olav Lunden meiner regionrådet bør ha meir dagsaktuelle saker på saklista, jf mediaoppslag som har vore om sentralisering av ulike statlege arbeidsplassar, og at rådet må vera meir synleg i media.
5. Arild Ingar Lægreid etterspurde oppfølging i høve rådet si støtte til arbeidsgjevarkontrollen.
6. Noralv Distad orienterte om situasjonen for Sogn Jord- og Hagebruksskule.
7. Programleiar Claus Røynesdal orienterte om «System for styrka læring»:
 - Entreprenørskap: fagnettverk, årleg entreprenørskapsmesse, pilotstudiet «Entreprenøriell matematikk», aktuelt å jobba vidare med eit felles valfag i Sogn
 - Forskningsprosjekt om læringsmiljø og elevane si psykiske helse for skulane i Aurland, Årdal og Vik. Vi søker for fire nye skular for 2014.
 - Barnehagesatsinga: barnehagestemne i januar, eiga heimeside for fagnettverka
 - Eksterne tilskot og samarbeidsavtaler (Statped Vest, RKBU, Hemilsenteret, fylkeskommunen mv).
 - Organisering av felles pp-teneste - forprosjekt
 - Samarbeid med utviklingsrettleiar

Skriv og meldingar

Lokalisering av statleg valeining – brev av 30.9.2013. Referert.

Noralv Distad
leiar

Jarle Aarvoll

Arild Ingar Lægreid

Karina Nerland
dagleg leiar